

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bi-skin@online.no
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

KOPI

Sivilombudsmannen

Postboks 3 sentrum
0101 Oslo

Dykkar ref.:
Vår ref.: BJS

Dato. 31.05.2010

Gjeld NVE manglande svar på spørsmål

Vi ba i brev 5. august 2009 NVE om svar på fleire spørsmål. Spørsmåla er tilknytt Salar Bruk AS sin vassdragskonsesjon i Rylandsvassdraget gjeve av NVE i 2001. Vi har enno ikkje fått svar på alle spørsmåla.

vedlegg 1 - brev frå grunneigarlaget til NVE 5. august 2009

Vi stilte fleire spørsmål til NVE, men det er spørsmålet om NVE har godkjend detaljplanar for byggetrinn 3-5 som totalt manglar svar. I uttale til klagesak gjev NVE overfor OED uttrykk for at alle detaljplanar er godkjende, medan NVE berre legg fram godkjende planar for byggetrinn 1-2. Det er tiltaket med legging av ny inntaksleidning som går innunder byggetrinn 3-5. Som del i vår klage til OED prøvde vi å belyse denne problemstillinga, men det synes som at både NVE og OED har unngått å ta tak i dette, sjølv om denne detaljplanen skulle vere eit viktig moment i godkjenninga av inntaksleidninga og i klagesaka der NVE si sakshandsaming var i søkelyset.

Vil for ordens skyld nemne at det er eit krav i konsesjonen at detaljplanar for alle tiltaka, også legging av inntaksleidning, skal leggast fram for NVE til godkjenning.

I konsesjonens kommentarar til vilkåra punkt 4 står det:

"Vilkåret vil mellom anna omfatte detaljplanar for bygging av ny demning (...), legging av ny inntaksleidning for ferskvatn til anlegget, og bygging (...). Detaljplanar for ovannemnde skal leggast fram og godkjennast av NVE"

24.09.09 får vi kopi av brev fra NVE til Alsaker Fjordbruk AS (AF). Det går her fram at NVE manglar informasjon i sitt arkiv. Dei ber derfor AF, som er konsesjonær, om å finne dokumentasjon som dei måtte ha. Brevet er, etter vårt syn, noko upresist i høve til våre spørsmål.

vedlegg 2 - brev frå NVE til Alsaker Fjordbruk AS 24.09.09

vedlegg 3 - Vi hører ikkje noko frå verken NVE eller konsesjonshavar og sender nytt brev til NVE 20.04.10 der vi etterlyser svar på brev og presiserer våre spørsmål på nytt.

11. mai får vi svar der NVE viser til sitt brev til Alsaker Fjordbruk AS og meiner spørsmåla skal avklarast med AF direkte. Dei svarer altså ikkje på våre spørsmål.

vedlegg 4 - brev frå NVE til grunneigarlaget 11.05.10.

Om NVE har godkjend detaljplanar for byggetrinn 3-5 må det vel vere NVE sjølv som skal svare på dette og ikkje konsesjonæren. Vi har elles ikkje høyrte noko frå konsesjonæren i denne saka. Vist denne detaljplanen manglar, så er dette eit brot på konsesjonen.

Vi meiner vi har krav på å få svar på våre spørsmål frå NVE.

4 vedlegg

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Bjarte J. Skintveit
Leiar